



JØLSTER KOMMUNE

Leiargruppa

KOMM. OG REG. DEP	
12 FEB 2005	
0412771-192	
Ark	013
Avd.	RA 1 SA 1/AE

Kommunal- og regionaldepartementet
postboks 8112 Dep
0032 OSLO

01.02.2005

Vår ref
JBY 05 00036-004

Dykkar ref

Arkiv
025

Løpenr
000394/05

NOU 2004:19 LIVSKRAFTIGE DISTRIKTER OG REGIONER FRÅSEGN FRÅ JØLSTER KOMMUNE

Jølster formannskap har i møte 18.01.2005, F-sak 6/05, handsama saka. Formannskapet vedtok samrøystes å gi fråsegn basert på framlegg frå rådmannen, med endringar i samsvar med drøftingane i formannskapsmøtet.


Jølster kommune gir dermed følgjande fråsegn:

1. Jølster kommune har ei positiv haldning til distriktkommisjonen sitt arbeid. Regionane må få reell makt, med auka delegering frå stat til region og kommunar.
2. Jølster kommune meiner at det vil vere tenleg å få vurdert nærare røynslene frå samkommuneordninga som er innført for nokre kommunar. Jølster kommune vil setje som krav at ved ei slik organisering må det vere eigen representasjon med direkte val av representantar.
3. Jølster kommune er samd med Distriktskommisjonen i at støtteordningane innanfor EU og EØS sitt reglement bør utnyttast meir offensivt enn det som er tilfelle i dag. Etter at den differensierte arbeidsgjevaravgifta vart fjerna, bør ein arbeide for meir direkte støtteordningar til distrikta som kompenserer for bortfallet av føremonene med lågare arbeidsgjevaravgift.
4. Jølster kommune sluttar seg til Distriktskommisjonen si målsetjng om særleg å satse på attraktive bu- og arbeidstilhøve for kvinner i distrikta.
5. Fylkesmannen skal ha tilsyns- og kontrollansvar for definerte oppgåver. Fylkesmannen er òg ein uavhengig appellinstans for borgarane, han er borgarane sin talsmann og advokat i høve til andre offentlege organ. Desse oppgåvene bør framleis takast vare på av ein uavhengig, statleg instans på region-nivå.
6. Distriktskommisjonen gjer framlegg om å opprette større regionar for å oppnå meir spreing av makt i samfunnet. Jølster kommune er sterkt tvilande til om større regionar vil vere eit verkemiddel til spreing av makt av samfunnet, dersom det ikkje samstundes vert følgt opp med ei kraftig desentralisering / delegering av makt, ansvar og ressursar frå sentrale, statlege organ til region- og / eller kommunenivå. Dersom målsetjinga er spreing av makt, vil eit betre verkemiddel vere å gjere kommunane betre rusta til å løyse noverande og utvida oppgåver. Det er i alle høve viktig at regionane byggjer på folkevalde organ.

7. Dersom produksjonstilskota for landbruket vert redusert, ser Jølster kommune det som avgjerande viktig at det samla aktivitetsnivået i distrikta vert halde oppe ved å auke innsatsen for landbruk og bygdeutvikling. Jølster kommune sluttar seg til Distriktskommisjonen sitt framlegg om å gjere det enklare å starte opp foredling og omsetnad av lokale råvarer innanfor landbruket.
8. Jølster kommune sluttar seg til eit mindretal i Distriktskommisjonen som påpeikar at rovdyrpolitikken må ta vare på bygdene sin trong for å utnytte lokale utmarksressursar.
9. Jølster kommune sluttar seg til Distriktskommisjonen sitt krav om at inntektene frå vasskraftproduksjon også i framtida bør komme dei kommunane til gode som har desse ressursane innanfor sine grenser.
10. Jølster kommune støttar Distriktskommisjonen sitt krav om at etablering av ny statleg verksemd som hovudregel skal leggjast utanfor hovudstadsområdet. Vidare er Jølster kommune samd med Distriktskommisjonen i at arbeidet med å flytte statlege arbeidsplassar ut frå hovudstadsområdet bør halde fram og intensiverast.

Med helsing
Jølster kommune

Gerd Dvergsdal (sign.)
ordfører



Jøstein By
rådmann

Kopi: - KS Sogn og Fjordane, pb 321, 6801 FØRDE
- KS, pb 1378 Vika, 0114 OSLO
- Sogn og Fjordane fylkeskommune, Askedalen 2, 6863 LEIKANGER